

Når det gjeld forholdet mellom religiøs og politisk makt, blandar Olavsmerket åndeleg og verdsleg makt på måtar som folk elles brukar å klage islam for. Olavsmerket minner då også ganske mykje om våpenskjoldet til Det muslimske brorskapet i Egypt.

# Olavsarv og Olavsmerke

I dei siste par tiåra har uttrykket «Olavsarven» fått feste, særleg då i Trøndelag der både kyrkjefolk, kulturarbeidarar og politikarar ivrig forvaltar arven etter Olav. Men Olav er også eit – om enn omstridd – referansepunkt for heile Den norske kyrkja, som i 1989 gjorde Olavsmerket med kors, skjold og økser til «kyrkjas våpen».

AV ODDBJØRN  
LEIRVIK

KVA ER INNHALDET I OLAVSARVEN, i eit kritisk perspektiv? Treng han å avvæpnast? Og kva med grunnlovsendingane frå 2012, som skreiv både den kristne kulturarven og Norges folkekyrkje inn i konstitusjonen? Har dei noko med Olav å gjere?<sup>1</sup>

## Grunnlova

I 2014 feirar vi tohundreårsjubileum for den norske Grunnlova. Då Grunnlova blei vedtatt i 1814, stadfesta den ein solid tradisjon i det dansk-norske kongeriket, nemleg den lutherske statsreligionen. Slik stod det skrive: «Den evangelisk-lutherske Religion forbliver Statens offentlige Religion». Som vi hugsar, hadde statsreligionen i 1814 klare grenser mot avvikarane, nemleg



ODDBJØRN LEIRVIK (f. 1951), oddbjorn.leirvik@teologi.uio.no. Professor i interreligiøse studiar ved Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo. Hans to nyaste bøker om interreligiøse relasjonar og religionsdialog er *Interreligious Studies* (Bloomsbury 2014) og *Islam og kristendom* (Pax, ny utgåve 2014).

jødar og munkeordenar, som var stengde ute frå riket. Og den som vakta både riket og kyrkja sine grenser var kongen, som var overhovud for både det verdslege og det åndelege regimentet.

Medan forbodet mot jødar vart oppheva i 1851, vart jesuittparagrafen faktisk ståande heilt til 1956. Og først i 1964 vart religionsfridommen formelt skriven inn i Grunnlova. Men statsreligionen vart ståande heilt fram til dei nyaste grunnlovsendingane i 2012 som vart vedtatt på bakgrunn av eit samstemt kyrkjeforlik mellom partia på Stortinget i 2008.

Kva har vi så fått i staden for statsreligionen? Det vi har fått til erstatning, er for det første ei tilvising til *den kristne kulturarven*, i ein revidert grunnlovsparagraf som slår fast av «Værdigrundlaget forbliver vår kristne og humanistiske arv». Formuleringa «vår kristne og humanistiske arv» speglar ein moderne tanke om at kristendom og humanisme utgjer ein «samanfletta» tradisjon, slik dåverande kyrkjeminister Gudmund Hernes uttrykte seg då han gav ut den generelle delen av ny læreplan for skulen i 1993.<sup>2</sup>

For det andre er kyrkja omdefinert frå statsreligion til *folkekyrkje*, i og med ein ny grunnlovsparagraf som seier at «Den norske kirke, en evangelisk-luthersk Kirke, forbliver Norges Folkekirke og understøttes som saadan av Staten.» Fordi vi i dag er forplikta på ikkje-diskrimineringsprinsippet i menneskerettane, slår den same paragrafen fast at «Alle Tros- og Livssynsamfund skulle understøttes paa lige Linje».

I tillegg slår den reviderte Grunnlova, liksom den gamle, fast at «Kongen skal stedse bekjende sig til den evangelisk-lutherske Religion». Det siste var det faktisk Kongen sjølv som insisterte på. Kven var så dei andre aktørane bak kyrkjeforliket og dei påfølgjande grunnlovsendingane? Den norske kyrkja hadde lenge ønskt seg større sjølvstyre, vel å merke med statleg fullfinansiering. Grunnlovsendingane gir grunnlag for begge delar. I tillegg hadde kyrkjemøtet i 2007 gått inn for ein verdiparagraf som viste til «den kristne og humanistiske arv».

Formuleringa «Norges folkekyrkje», derimot (som er eit lån frå den danske grunnlova), var det politikarane som fann på å ta inn, kanskje som eit uttrykk for nasjonalreligiøs nostalgi?

Det vi står med i dag, er ei Grunnlov som for religionen sitt vedkomande gir fortrinn til kristendommen men også prøver å gi nokre inkluderande signal til dei andre. Verdiparagrafen stadfestar hegemoniet til den kristne

kulturarven, men samtidig kvalifiserer den arven ved å kalle den «kristen og humanistisk». Gjennom tilvisinga til «Norges Folkekirke» løftar Grunnlova fram Den norske kyrkja som statsfinansiert nasjonalkyrkje, men balanserer samtidig dette ved å slå fast at andre trus- og livssynssamfunn skal ha rett på den same statsstøtta.

Samla sett kan ein kanskje lese dei nye grunnlovsformuleringane som eit forsøk på å finne eit balansepunkt mellom det den kristne majoriteten i Norge ønskjer seg, og det humanetkarane og dei nye religiøse minoritetane er opptatt av. Men hovudvekta må nok seiast å ligge på *kontinuiteten* i den kristne arven, noko som blir spegla av den doble bruken av verbet «forbli- ver» (som også vart brukt om statsreligionen i 1814).

## Olavsarven

Kvar plasserer så Olavsarven seg i dette større biletet? Strekkjer Grunnlovas «forbliver» seg heilt tilbake til Olav?

Det vi bør merke oss når vi taler om Olavsarven, er at mange uttrykk som har ein klang av ubrotten historie i seg, faktisk er nyskapingar. Uttrykket «kristne og humanistiske verdiar», for eksempel, vart skapt av politikarar på 1980-talet og for første gong skrive i den nye Mønsterplanen for skulen i 1987. Uttrykket «den kristne kulturarven» er nok eldre, men om vi søker i det norske mediearkivet finn vi at det særleg er frå 1990-talet at uttrykket får vind i segla. 1990-talet er jo elles det tiåret då nordmenn flest blir klar over at Norge er i ferd med å bli eit fleirreligiøst samfunn. Kanskje har då også den nye folkelege interessa for den kristne kulturarven eit islett av forsvarsreaksjon, fordi ein kjenner at det «norske» er utfordra av stadig sterkare «ikkje-kristne» innslag. Som Erling Rimehaug formulerte det under striden om lokaliseringa av presesembetet: «Mitt poeng er å spørre hvorfor Olav igjen kan omtales i positive ordelag. Jeg tror det skyldes behovet for nasjonale markører, for noe som kan uttrykke det norske».<sup>3</sup> Den berande tanken er at det er kristendommen som djupast sett held folket samla, slik også Gudmund Hernes ordla seg det i læreplanen frå 1993: «Den kristne tru og tradisjon utgjer ein djup straum i vår søge – ein arv som sameiner oss som folk på tvers av trusretningar.»

Sameiner oss som folk, på tvers av trusretningar – det var kanskje å ta vel hardt i?

Men kva då med «Olavsarven»? Kvar kjem uttrykket frå, og kva ligg i det? Er den ein arv som samlar oss som folk? Då eg søkte etter dette ordet i mediarkivet, fann eg til mi overrasking at det faktisk ikkje er brukt før i 1997. I samband med at kronprins Haakon deltok på olsokgudsteneste i Nidarosdomen framhevar Finn Wagle ifølgje Aftenposten den økumeniske dimensjonen ved arven: «Olavsarven forener oss. Da Olav døde på Stiklestad, var kirken fremdeles én kirke ...»<sup>4</sup> Neste gong uttrykket blir brukt, denne gongen i Adresseavisen i 2000, seier domprost Knut Andresen: «Olavfestdagens visjon er at religion og kultur er to livsuttrykk som lever side om side på felles areaner. Menneskelivet blir ikke helt uten begge deler. Det er Olavsarven».<sup>5</sup> Med andre ord: Olavsarven samlar folket, og hjelper oss til å bli heile menneske. Seinare i år 2000 er kronprins Haakon igjen på gjesting, denne gongen på Stiklestad, og biskop Wagle tar igjen til orde: «På vei inn i et nytt årtusen, la oss løfte Olavsarven.»<sup>6</sup> (Tolv år seinare gir Wagle ut ei bok der han utfaldar sitt syn på Olavsarven under overskrifta *Hva er det med Nidaros? Tro som forener, fordyper og forandrer.*<sup>7</sup>)

I samband med kampanjen for å gjere Trondheim til den nye kyrkjehovudstaden får uttrykket «Olavsarven» enda eit kraftig løft i mediene, og no med eit enda sterkare drag av trøndersk merkevarebygging. Då har også dei lokale politikarane for lengst kome på banen, som då fylkesordførar i Sør-Trøndelag Tore O. Sandvik i 2005 slår fast: «Med slaget på Stiklestad og utviklingen av Olavsarven framstår Trondheim og Trøndelag som det åndelige tyngdepunkt i landet vårt ...».<sup>8</sup>

I resten av landet, derimot, har skepsisen mot den trønderske merkevarebygginga vore følbar, og på nasjonalt plan har nok både politikarar og kyrkjefolk vore meir komfortable med generelle uttrykksmåtar som «den kristne kulturarven» – utan å ville knyte denne for sterkt til Olavstradisjonen. Uansett kan ein sjå det som i dag blir assosiert med Olavsarven som ei interessant, men kontroversiell konkretisering av uttrykket «kristen kulturarv», i ei politisk ramme som (trass i grunnlovsendingane) framleis ber preg av statsreligionen sin tunge tradisjon.

I det følgjande vil eg dele nokre observasjonar og reise nokre spørsmål som eg sjølv kjenner melder seg i samband med den nygamle Olavsarven. Eg vil samle det under tre overskrifter: folkereligjøs kulturarv, nasjonalreligiøst maktspråk, og det Kristus-ulike Olavsmerket.

**Olavsarven som folkereligjøs kulturarv** • Noko som slår meg når eg ser kva Olavsarven blir assosiert med, er koplinga til folkeleg så vel som profesjonelt kulturliv. Dei årlege Olavfestdagane i Trondheim er ein vidfemnande kulturfestival som svarer godt til tanken om den vide og kulturopne folkekyrkja som vi kan ane ligg bak dei nye grunnlovformuleringane. Under Olavfestdagane er det inga skjelning mellom det kristne og det folkelege, ei spenning som Stiklestadspelet om Heilag Olav dramatiserer med ulike aksentar frå år til år.

På dagens Stiklestad finn vi ei fascinerande blanding av religiøst og verdsleg. Stadig fleire kyrkjesamfunn etablerer sitt nærvær der, og snart får vi eit russisk-ortodoks kapell som saman med Stiklestad-kyrkja og det katolske kapellet vil utgjere eit økumenisk trekløver til Olavs ære. Stiklestad Nasjonale Kultursenter, derimot, markerer seg som «religiøst uavhengig»<sup>9</sup> og i suvenirbutikken er vikingeffektane meir framståande enn den kristne Olavssymbolikken. Det nyreiste og vikingaktige Langhuset er då også – med øllhall, fallossymbol og inviterande sengebriskar – designa for hard festing, som ein lokalkyrkjeleg guide karakteriserte det då eg var der for eit par-tre år sidan.

Motsett festane på Stiklestad spelar pilegrimsvandringane til Nidaros på gamle kristne tradisjonar der det å gjere bot stod sentralt. Men i si gjenoppvekta form har pilegrimsvandringa – både her hos oss og elles i Europa – fått nye, folkelege motivasjonar, med preg av naturreligiøsitet eller også nyreligiøsiteten sine tankar om sjølvutvikling. Også turisme-aspektet er tydeleg, med eit omfattande samarbeid mellom norske (trønderske) og andre europeiske aktørar på pilegrimsfeltet.

Eit anna element i Olavsarven som knyter gammalt og nytt saman, er helbredingstanken. Kultursenteret på Stiklestad har i fleire år vore arena for den nyreligiøse alternativmessa, som har eit sterkt (og for så vidt Olavslikt) fokus på healing. Og i kyrkja på Stiklestad lever no Olavssteinen sitt eige, folkereligjøre liv – med nye historier om helbredande kraft frå den gamle mirakelmannen Olav til dei som stryk handa over steinen hans. Steinen vart boren inn att i kyrkja ein høgtideleg prosesjon i 2007 og er no – som ein lokal teolog har uttrykt det – i ferd med å få status som landets første evangelisk-lutherske relikvie.<sup>10</sup>

For meg er dette det mest fascinerande ved Olavsarven: ei forvirrande men openbert fruktbar blanding av religion og kultur, kyrkjeleg og verdsleg, luthersk og katolsk, klassisk kristent og nyreligiøst.

Sjølvsjener eg ikkje noko behov for å skilje ut kva som er «kristendom» og kva som er «kultur» i alt det som her utfaldar seg, på Stiklestad og ved Domen. At svært ulike aktørar tar tak i Olavsarven og brukar han på sin måte, ofte heilt utanfor kyrkja sin kontroll, er berre positivt. Men på ein del punkt må nok kyrkja likevel bestemme seg for kva bodskap ein vil bidra med inn i dette mangfaldet. Eg synest for eksempel at den ukritiske gjenforteljinga av legendene om helgenkongen sine helbredande krefter, er problematisk. Skal vi som kyrkje berre byggje opp under nygammal mirakeltru, slik denne no også utfaldar seg omkring Olavssteinen på Stiklestad? Eller skal vi som gode protestantar vere ei kritisk, meir rasjonell stemme – i tråd med den humanistiske tradisjonen som ifølgje Grunnlova også er ein del av arven vår?

**Olavsarven som nasjonalreligiøst maktspråk** • Mitt største problem med Olavsarven har likevel med den nasjonalreligiøse tradisjonen å gjere, ein tradisjon der det å ha religiøst og politisk overtak har vore to sider av same sak. I europeisk samanheng skriv Olavsarven seg inn i ein kongeideologi der liknande kristningskongar og rikssamlarar blir feira ikkje berre som nasjonale heltar, men også som Kristus-like helgenar.<sup>11</sup>

At Olavsarven har med forholdet mellom stat, nasjon og religion å gjere, er innlysande for alle. Spørsmålet er kva vi skal bruke denne delen av arven til i dag. Er Olavsarven ein ressurs eller eit problem i den grenseoppgangen mellom stat og religion som vi no står midt oppe i? Styrkar han dei elementa av kristent overtak som den reviderte Grunnlova ber vidare, eller kan Olavsarven bidra til ein kritisk samtale om dei problematiske sidene ved nasjonalreligionen?

Ser vi på dei sentrale symbola for Olavsarven, er vi vande til å tenkje at Nidarosdomen ikkje berre er domkyrkje, men også «nasjonalheilagdom» slik vi også kan finne Domen omtalt av politikarar frå samtlege parti.<sup>12</sup> Tilsvarende blir senteret på Stiklestad kalla Stiklestad *Nasjonale* Kultursenter. I 2012 la Stiklestadsenteret fram ein forstudie om «Visjons- og plattformbygging» fram mot tusenårsjubileet for slaget på Stiklestad.<sup>13</sup> På framsida

er det riksvåpenet – løva med øks – som lyser mot oss, ikkje det beslektta Olavsmerket der to øksar kransar korset. Allereie her, på framsida, melder spørsmålet seg: Kva er stat, og kva er kyrkje? Er det kristninga av Norge vi skal feire, eller vår nasjonale samling?

Rimelegvis begge delar, men med nasjonens interesser i førarsetet. Forstudien slår fast at tida fram mot 2030 må brukast til å utvikle ei fornya forståing av det ein kallar «vårt lands grunnhistorier», og at sjølve jubileet for det ein kallar «det definitive gjennombruddet for kristendommen» må vere «en nasjonal begivenhet initiert av nasjonale myndigheter.» Også i dette dokumentet finn ein nasjonalreligiøse vi-formuleringar som «vår kristne kulturarv», forstått som eit nasjonalt einskapsband farga av kristendommen. Men forstudien tar også til orde for at jubileet bør fremje religionsdialog og motarbeide religiøs nasjonalisme og framandfrykt; kanskje inspirert av det openbert kontroversielle forslaget som Gunnar Stålsett kom med året før om å gjere Stiklestad til eit «multireligiøst fredssenter».<sup>14</sup> I 2014 vart forslaget tatt opp og spektakulært vidareført av teologen Idar Kjølsvik, som i samband med lanseringa av boka *Stiklestad mot 2030. Tekster fra nyere Olavsarv* tok til orde for at det også bør reisast moské og synagoge på Stiklestad-vollane.<sup>15</sup>


Visjonar er spennande. Sjølv tenkjer eg likevel at den einaste meningsfulle måten å forvalte den politiske delen av Olavsarven på, er med maktkritisk forteikn. Då er det strengt tatt ikkje *feiring* av Heilag-Olav det handlar om. Spørsmålet er om vi i staden kan vi gjere Olav til eit referansepunkt for ein *kritisk* samtale om religion og makt, der omsynet til minoritetane sine ønskemål får vege like sterkt som majoritetsinteressene.

Kanskje var det ein slik kritisk samtale Stålsett såg for seg. I alle fall vil ein eventuell religionsdialog på Stiklestad – eller ved Nidarosdomen – måtte blir ein dialog med sjølvkritisk forteikn, sidan alle dei store religionane ber på ei historie med sterke og problematiske koplingar mellom nasjonalreligion, fleirtalsmakt og ekskludering. I dagens Europa ser vi at mange brukar den kristne kulturarven om eit retorisk skjold mot muslimane sitt inntog. I Midtausten er det dei kristne minoritetane som må lide, under det massive overtaket frå dei som ønskjer ei islamsk statsdanning.

Om Olav verkeleg kunne bli eit kritisk symbol for ein *tverr-religiøs* og *sjølvkritisk* samtale om religion og fleirtalsmakt, ville vi kunne føye enda eit

mirakel til Olavsarven. Her kan også den føreslåtte, men sterkt omdiskuterte avdekkinga av Olavsbautaen som Quisling fekk reist på Stiklestad, og som etter krigen vart graven ned, kunne bidra til påminninga om nasjonalreligiøsiteten sitt mørke potensial.

**Det Kristus-ulike Olavsmerket** · Til den kritiske samtalen om Olavsarven høyrer ikkje minst dei valdelege delane av arven, som lyser mot oss frå det såkalla Olavsmerket der to øksar kransar korset, på same raude bakgrunn som riksvåpenet. I 1989 gjorde som nemnt Den norske kyrkja Olavsmerket til sin logo, eller «Den norske kirkes våpen», som det heiter.



Den nemnde forstudien til 2030-jubileet reiser spørsmålet: «Hvordan skal Olavs martyrøks fra Stiklestad forstås som identitetssymbol både for staten (Riksvåpenet) og for kirken (Den norske kirkes våpen)?» Dette er éi side ved Olavsmerket, at det sementerer det tette forholdet mellom stat og kyrkje som vi no prøver å løyse opp. Meir alvorleg er det etter mi meining at Den norske kyrkja har valt seg ein logo som gir assosiasjonar til religiøs valdsbruk.

Rett nok er dei to øksene Olavs martyrøkser, og forstudien til 2030 slår fromt fast at «Kongens død på Stiklestad er uttrykk for selvoppofrelse heller enn noe triumfalistisk». Tilsvarande høyrer vi ofte at det som i legendedanninga gjorde Olav til ein «Kristusimitator», var sigeren i nederlaget.<sup>16</sup> Men det som både i dei gamle kjeldene og i dagens Olavsideologi blir underkom-



munisert, er at han som vart drepen med øks, sjølv svinga øksa så blodet flaut då han kristna landet. Olav var kanskje ikkje verre enn andre kristningskongar og rikssamlarar i så måte, men å gjere hans martyrium Kristus-lik blir for meg sterkt problematisk. For i det kristne trusuniverset er det er ein himmelropande forskjell på eit væpna og eit uvæpna martyrium. Om ikkje Kristus var uvæpna, fanst det inga kristentru.


Men i Olavsarven kan det verke som Kristus like mykje har tatt farge av Olav, som det motsette. Talande nok har Stiklestad ein freske over altarpartiet der Kristus blir framstilt med lilje og sverd, med slagscener frå vollen utanfor på korveggane.

Det siste tiåret har stadig fleire reist kritiske spørsmål ved Olavsmerket. Ungdommens kirkemøte foreslo både i 2004 og 2011 å byte ut Olavsmerket med ein logo som på ein betre måte kommuniserer det som i dag er kyrkjas verdiar.<sup>17</sup> Også Teologisk Nemnd for Den norske kyrkja har dei seinare åra sett kritisk søkjelys på Olavsmerket, noko Vårt Land i fjor registrerte i oppslaget «Vil ta øksa ut av kyrkja».<sup>18</sup> Seinare i 2013 gjorde nemna eit formelt vedtak der ein «oppfordrer de sentralkirkelige råd til å ta opp til behandling hva Den norske kirkes våpenskjold kommuniserer i dag og vurdere om øksene bør tas ut av våpenskjoldet».<sup>19</sup>

Men i Nidarosdomen er til og med bønnekorta prydde med øksene i våpenskjoldet, og bak høgaltaret kan vi lese at Olav «gjennom sin kongegjerning og sin død [ble] et Kristusvitne ...». Tilsvarende står det på Den norske kyrkja sine heimesider: «Det er Hellig Olavs martyrdød som har gjort øksen til et meningsfullt symbol både nasjonalt og kirkelig. Olavsmerket har opp gjennom hundreårene pekt tilbake på den sentrale begivenhet i den universelle kirkes norske historie.»<sup>20</sup>

For meg er dette problematiske formuleringar som ikkje berre glorifiserer den valdelege kristningskongen, men også underkommuniserer den meir fredelege kristninga av Norge som keltiske og kontinentale misjonærar stod for.

Når det gjeld forholdet mellom religiøs og politisk makt, blandar Olavsmerket åndeleg og verdsleg makt på måtar som folk elles brukar å klage islam for. Olavsmerket minner då også ganske mykje om våpenskjoldet til Det muslimske brorskapet i Egypt, der to sverd vaktar Koranen og med oppmodinga«gjer klar alle stridskrefter» som påskrift.



Dess meir påtrengande blir for meg behovet for å *avvæpne* Olavsarven – kanskje ved demonstrativt å fjerne øksene frå Olavsmerket slik at berre skjoldet og korset står att, slik Teologisk Nemnd har foreslått.

### Konkluderande

Nyordet «Olavsarven» har i seg ei rekkje element som kan stimulere til ein kritisk samtale om den nyreviderte Grunnlova sine referansar til kristen arv og nasjonalkyrkje. Mine kritiske spørsmål til den nygamle Olavsarven handlar då heller ikkje om å sette parentes om dei avgjerande trekka ved kyrkja og nasjonen si historie som denne arven viser til. Det handlar om å forvalte det vi kallar Olavsarven på ein kritisk måte. Kan Olavsarven bli referansepunkt for ein open samtale om kristendom og folkereligion? Kan den tene som utgangspunkt for ein dialog om religion og fleirtalsmakt? Kan den bli eit haldepunkt for ein sjølvkritisk samtale om religion og vald? Og kan den hjelpe oss til å sjå Kristus klarare, i relieff mot den Kristus-ulike Olav?

I så fall er Olavsarven framleis verd å løftast fram.

### Notar

- 1 Artikkelen byggjer på eit foredrag i St. Olav kirkeakademi 28. januar 2014.
- 2 Generell del av læreplanen (1993), kapitlet «Den meiningssøkjande mennesket», avsnittet «Kristne og humanistiske verdiar».

- 3 Erling Rimehaug: «Fra folkekirke til nasjonalkirke», Vårt Land 24.04.2010.
- 4 Finn Wagle: «Kronprins på olsok-feiring», Aftenposten 30.07.1997.
- 5 Knut Andresen: «Olavsfestdagene», Adresseavisen 25.07.2000.
- 6 «Historietime for kronprins Haakon på Stiklestad», Adresseavisen 26.07.2000.
- 7 Trondheim: Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeiders forlag 2012.
- 8 Tore O. Sandvik: «Trondheim som kirkehovedstad», Adresseavisen 10.01.2005.
- 9 «'Vil fornekte kristenarven'», Vårt Land 01.08.2014
- 10 Idar Kjølsvik: *Olavssteinen på Stiklestad*. Oslo: Cappelen Damm 2012. Jf. Idar Kjølsvik: «Olavssteinen kan peke på Kristus», Vårt Land 23.07.2012 («Olavssteinen er faktisk verdens aller første, offisielle, evangelisk-lutherske relikvie.»).
- 11 Jf. Vidar L. Haanes: «Saint Olaf (995–1030) – Patron Saint and Perpetual King of Norway. The role of the King in the process of Christianisation», sakspapir til møte i Teologisk Nemnd for Den norske kyrkja (TN06/13/2).
- 12 Heidi Marie Lindekleiv (intervju med kyrkjehistorie-professor Dag Thorkildsen): «– Nasjonalistisk knefall», Vårt Land 26.04.2010-
- 13 Stiklestad Nasjonale Kultursenter: «Fagrapport forstudie. Visjons- og plattformbygging 2030», 2012.
- 14 «Vil ha multireligiøst fredssenter på Stiklestad», VG 07.07.2011.
- 15 «Vil ha moské på Stiklestad», Trønder-Avisa 24.01.2014.
- 16 Sjø biskop Tor Singsaas: «Fra vikingkonge til helgenkonge», Vårt Land 07.06.2010 og «Kristusimitasjon og helliggjørelse», Vårt Land 24.06.2010.
- 17 Ungdommens kirkemøte: «Resolusjon om nytt våpenskjold for Den norske kirke (2004–2011)».
- 18 «Vil ta øksa ut av kyrkja», Vårt Land 08.05.2013.
- 19 TN14/13 «Olavsarven og våpendskjold».
- 20 <http://www.kirken.no/?event=doLink&famID=37987>